



Innkalling

Utval:	Formannskap
Møtestad:	Møterommet
Dato:	22.05.2025
Tid:	Kl. 10:30

Representantar med lovleg forfall eller som er ugilde i nokon av sakene, må snarast råd melde frå på telefon 57 78 62 00 eller e-post post@solund.kommune.no slik at vararepresentantar kan kallast inn.

Vararepresentantar til formannskapet møter etter nærare innkalling.

Saksdokumenta ligg til ettersyn i ekspedisjonen på kommunehuset

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
025/25	Godkjenning av møteprotokoll	
026/25	Gjennomgang av større investeringsprosjekt	
027/25	Kjøp av eigedom g.n.r: 26, b.nr.: 23 på Hardbakke	
028/25	Klage på avslag i administrativt vedtak 101/24 om dispensasjon for utlegging av flytebyggje gbnr 6/3	
029/25	Søknad om kommunalt næringsfond Akva Marine AS	
030/25	Retningslinjer for tildeling av kulturmidlar	
031/25	Eigarstrategi Sogn og Fjordane Holding	Ikkje offentleg

Solund kommune

15.05.2025

Gunn Åmdal Mongstad
-ordfører-



Saksframlegg

Arkiv: K1-033
ArkivsakID: 25/413
JournalpostID: 25/1662
Sakshandsamar: ACOS Møtebruker (må ikke deaktiveres/slettes)
Dato: 15.05.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
025/25	Formannskap	22.05.2025

Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund formannskap sin møteprotokoll frå 20. mars 2025 vert godkjent.

Vedlegg i saka:

27.03.2025 Møteprotokoll - Formannskap - 20.03.2025



Møteprotokoll

Utval: Formannskap
Møtestad: Møterommet
Dato: 20.03.2025
Tid: Kl. 09:00 - 13:30
Saksnr.: 017/25 – 024/25

Faste representantar som møtte:	Parti
Gunn Åmdal Mongstad	SP
John Sigfred Hugøy	SP
Sara Tunestveit	SP

Forfall faste representantar:	Parti	Fylgjande vararep. møtte:	Parti
Andreas Færøy Gåsvær	AP	Anne Marie Gåsvær	SP
Øystein Olai Espeland	H	Kenneth Sæbø	H

Møteleiar: Gunn Åmdal Mongstad

Møteinnkalling:	Innkalling datert 13. mars 2025
Kunngjering:	Heimeside
Frå administrasjonen møtte:	Fungerande kommunedirektør Amund Fuglebakk Aglen. Rådgjevar Anne Kristine Dyrdal til og med sak 021/25. Rådgjevar Sofie Hellevang Saltskår til og med sak 019/25. Leiar for Oppvekst og kultur Øystein Bolset Strand i sak 022/25.
Permisjon frå møte:	
Godkjenning innkalling:	Det var ingen merknad til innkallinga.
Godkjenning sakliste:	Det var ingen merknad og saklista vart samrøystes godkjent.
2 rep. underskrift møtebok:	Representantane Kenneth Sæbø og Sara Tunestveit vart samrøystes valde.
Utlevert i møtet:	
Spørsmål/interpell.:	
Orientering:	
Synfaring:	
Diverse:	Sak 022/25 vart teke til slutt. Resten av sakane vart handsama i rekkefølge.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
017/25	Godkjenning av møteprotokoll
018/25	Vedtak av kommunedelplan for kulturmiljø for Solund kommune 2024 - 2036
019/25	Innleiande drøfting revisjon Solund kommune sin samfunnsdel 2025 - 2037
020/25	Framlegg til revidert Bygdevekstavgift mellom staten og kommunane Solund og Fedje og Vestland fylkeskommune
021/25	Kommunale veglys langs fylkesvegar i Solund - Spørsmål om overtaking av Vestlandet Fylkeskommune
022/25	Innføring av fem dagars skuleveke for 1.-4. klasse
023/25	Val av Solund Valstyre perioden 2025 - 2027
024/25	Tilskot til førstegongs bustadetablerar

Underskrifter:

017/25: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund formannskap sin møteprotokoll frå 23. februar 2025 vert godkjent.

Handsaming i Formannskap 20.03.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 017/25 VEDTAK:

Solund formannskap sin møteprotokoll frå 23. februar 2025 vert godkjent.

018/25: Vedtak av kommunedelplan for kulturmiljø for Solund kommune 2024 - 2036

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek Kulturmiljøplan for Solund 2025 - 2037 slik den ligg føre i saka.

Handsaming i Formannskap 20.03.2025:

Representanten Anne Marie Gåsvær ber formannskapet vurdere hennar gildskap i saka. Formannskapet finn Anne Marie Gåsvær gild til å handsame saka.

Felles framlegg om endringar:

Med fylgjande endringar:

Kapittel 2.4 siste setning stryk "... og at det ikkje lenger er nok lokale båtar til å kunne drive fiskemottak her."

Omtale av Gåsvær på s. 60 tillegg etter "raudlisteartar" "til dømes kystblåstjerne".

Votering:

Det vart røysta samla over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med felles framlegg om endringar vart samrøystes vedteke.

FOR- 018/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre vedtek Kulturmiljøplan for Solund 2025 - 2037 slik den ligg føre i saka med fylgjande endringar:

Kapittel 2.4 siste setning stryk "... og at det ikkje lenger er nok lokale båtar til å kunne drive fiskemottak her."

Omtale av Gåsvær på s. 60 tillegg etter "raudlisteartar" "til dømes kystblåstjerne."

019/25: Innleiande drøfting revisjon Solund kommune sin samfunnsdel 2025 - 2037**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Administrasjonen jobbar vidare med plandokumentet i tråd med føringane frå Solund formannskap.

Handsaming i Formannskap 20.03.2025:

Felles framlegg om tillegg:

Det vert lagt opp til ein arbeidsøkt i kommunestyre 3. april 2025.

Votering:

Det vart røysta samla over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og felles framlegg om tillegg.

FOR- 019/25 VEDTAK:

Administrasjonen jobbar vidare med plandokumentet i tråd med føringane frå Solund formannskap. Det vart røysta samla over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og felles framlegg om tillegg.

020/25: Framlegg til revidert Bygdevekstavtale mellom staten og kommunane Solund og Fedje og Vestland fylkeskommune**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Solund kommunestyret vedtek revidert Bygdevekstavtale for Solund og Fedje kommunar med staten og Vestland fylkeskommune slik den ligg føre.

Handsaming i Formannskap 20.03.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 020/25 VEDTAK:

Solund kommunestyret vedtek revidert Bygdevekstavtale for Solund og Fedje kommunar med staten og Vestland fylkeskommune slik den ligg føre.

021/25: Kommunale veglys langs fylkesvegar i Solund - Spørsmål om overtaking av Vestlandet Fylkeskommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommune inngår avtale om overlevering av kommunale veglysanlegg som står langs fylkesvegar med Vestland Fylkeskommune, i tråd med vedlagt avtale og avleveringsprotokoll. Avtalen om overtakinga gjeld frå avtala dato, og vert før signering revidert i tråd med vedtak.

Handsaming i Formannskap 20.03.2025:

Felles framlegg om endring:

Ny 2. setning:

"med unntak av fylgjande punkt:

- Krakhellevegen 1. Kryss Engdal. 1 belysningspunkt.
- Krakhellevegen 2. Busslomme Hageelva. 2 belysningspunkt.
- Pollen. 1 belysningspunkt.
- Hopsvatnet. Kryss ved Hop. 1 belysningspunkt.
- Ormetunga. Krysset til Leirvåg. 1 belysningspunkt.
- Daløysund. Skarp sving på vestsida av brua. 8 belysningspunkt. Anlegget vert overteke, men ikkje drifta.
- Lundøyna. Frå kryss Ytrøy - bru Lundøy. 4 belysningspunkt.
- Hjørneveg. Bebygd strekk langs fylkeveg i Hjørneveg. 5 belysningspunkt.
- Husøy. Kolgrov - Straumen. 5 belysningspunkt.

- Nåra. Gamle ferjekaien. 3 belysningspunkt. Tilrådd å avvikle eller å privatisere for plassbelysning industri."

Votering:

Det vart røysta samla over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og felles framlegg om endring. Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og felles framlegg om endring vart samrøystes vedteke.

FOR- 021/25 VEDTAK:

Solund kommune inngår avtale om overlevering av kommunale veglysanlegg som står langs fylkesvegar med Vestland Fylkeskommune, i tråd med vedlagt avtale og avleveringsprotokoll. Med unntak av følgjande punkt:

- Krakhellevegen 1. Kryss Engdal. 1 belysningspunkt.
- Krakhellevegen 2. Busslomme Hageelva. 2 belysningspunkt.
- Pollen. 1 belysningspunkt.
- Hopsvatnet. Kryss ved Hop. 1 belysningspunkt.
- Ormetunga. Krysset til Leirvåg. 1 belysningspunkt.
- Daløysund. Skarp sving på vestsida av brua. 8 belysningspunkt. Anlegget vert overteke, men ikkje drifta.
- Lundøyna. Frå kryss Ytrøy - bru Lundøy. 4 belysningspunkt.
- Hjørneveg. Bebygd strekk langs fylkeveg i Hjørneveg. 5 belysningspunkt.
- Husøy. Kolgrova - Straumen. 5 belysningspunkt.
- Nåra. Gamle ferjekaien. 3 belysningspunkt. Tilrådd å avvikle eller å privatisere for plassbelysning industri. Avtalen om overtakinga gjeld frå avtala dato, og vert før signering revidert i tråd med vedtak.

Avtalen om overtakinga gjeld frå avtala dato, og vert før signering revidert i tråd med vedtak.

022/25: Innføring av fem dagars skuleveke for 1.-4. klasse

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek å innføre fem dagars skuleveke for 1.-4. klasse, med følgjande prinsipp liggande til grunn:

1. Skuleveka vert organisert med fem fulle dagar frå kl 08.50-14.25
2. Talet på undervisningstimar skal vere om lag som i dag, 18-19 klokketimar i veka
3. Det skal leggst inn god tid til leik, fysisk aktivitet og praktisk læring i kvar skuledag

4. SFO-tilbodet vert lagt til morgon og ettermiddag, med same opningstid som i dag: 07.30-08.50 og 14.25-16.30
5. Ny ordning gjeld frå skuleåret 2025/2026
6. Ordninga skal evaluerast i løpet av 2. halvår 2026

Handsaming i Formannskap 20.03.2025:

Framlegg frå Anne Marie Gåsvær:

Det vert ikkje innført 5-dagars skuleveke for 1. - 4. klasse.

Votering:

Det vart røysta alternativt mellom kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og framlegget frå Anne Marie Gåsvær. Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 3 (John Sigfred Hugøy (SP), Sara Tunestveit (SP) og Kenneth Sæbø (H)) mot 2 røyster (Anne Marie Gåsvær (SP) og Gunn Åmdal Mongstad (SP)).

FOR- 022/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre vedtek å innføre fem dagars skuleveke for 1.-4. klasse, med følgjande prinsipp liggande til grunn:

1. Skuleveka vert organisert med fem fulle dagar frå kl 08.50-14.25
2. Talet på undervisningstimar skal vere om lag som i dag, 18-19 klokketimar i veka
3. Det skal leggst inn god tid til leik, fysisk aktivitet og praktisk læring i kvar skuledag
4. SFO-tilbodet vert lagt til morgon og ettermiddag, med same opningstid som i dag: 07.30-08.50 og 14.25-16.30
5. Ny ordning gjeld frå skuleåret 2025/2026
6. Ordninga skal evaluerast i løpet av 2. halvår 2026

023/25: Val av Solund Valstyre perioden 2025 - 2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Representantane i Solund formannskapet vert valde som Solund valstyre for perioden 2025 – 2027.

Ordførar er leiar for valstyret, varaordførar er nestleiar.

Handsaming i Formannskap 20.03.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 023/25 VEDTAK:

Representantane i Solund formannskapet vert valde som Solund valstyre for perioden 2025 – 2027.

Ordførar er leiar for valstyret, varaordførar er nestleiar.

024/25: Tilskot til førstegongs bustadetablerar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund formannskap løyver kr. 50.000,- til Hanne Flesland Lundøy i førstegongs etablerartilskot. Før tilskotet vert utbetalt må søkjar ha meldt flytting til folkeregisteret.

Handsaming i Formannskap 20.03.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 024/25 VEDTAK:

Solund formannskap løyver kr. 50.000,- til Hanne Flesland Lundøy i førstegongs etablerartilskot. Før tilskotet vert utbetalt må søkjar ha meldt flytting til folkeregisteret.



Saksframlegg

Arkiv: K1-145
ArkivsakID: 24/410
JournalpostID: 25/1614
Sakshandsamar: Amund Fuglebakk
Aglen
Dato: 14.05.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
002/25	Administrasjonsutval	22.05.2025
026/25	Formannskap	22.05.2025

Gjennomgang av større investeringsprosjekt

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren legg til grunn fylgjande for det vidare arbeidet med rullering av budsjett- og økonomiplanen:

- lånefinansiering av dei 15.000.000,- til ny skule m/ bibiloteke og dei 8.400.000,- til felles fiskerihamn
- Solundheimen får tilført 2.300.000,- og gjennomførast i 2025
- Klubben får tilført 1.800.000,- og gjennomførast i 2026
- Søre Morteveika går som vedteke i 2025
- Hardbakke 20 går i 2025
- Ein gjer ingen endringar knytt til ekspressbåtstopp eller nytt kommunehus
- Ein betalar vesentleg mindre ned på låna i starten av økonomiplanperioden

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Budsjett 2025 og økonomiplan 2025 - 2028 (K-sak 073/24)

Kva saka gjeld:

Gjennomgang av alle aktuelle større investeringsprosjekt

Saksutgreiing:

I Budsjett 2025 og økonomiplan 2025 - 2028 (K-sak 073/24) bad kommunestyret om ein gjennomgang og prioritering av større aktuelle investeringsprosjekt i samband med rulleringa

av økonomiplanen i juni 2025. Kommunedirektøren legg difor fram ein sak til formannskapsmøtet 22. mai 2025 der ein går gjennom alle større investeringsprosjekt. Sjølv prioriteringa vert gjort i samband med rullering av økonomiplanen i kommunestyremøtet 12. juni 2025.

Etter bestillinga i desember 2024 har det skjedd fleire store vedtak om investeringar i formannskap- og kommunestyremøta. Det er også avdekka at løyvinga til ny skule med bibliotek for 2025 på 15.000.000,- har falt ut av budsjett 2025 med eit uhell, og dermed ikkje var ein del av totalbilete når budsjettet vart vedteke i desember 2024. Denne løyvinga må innarbeidast igjen, men kommunedirektøren ynskjer å understreke at justeringane ikkje skuldast overforbruk men ein sakshandsamingsfeil i samband med budsjettsaka.

På inntektssida har det også kome ein del uvisse etter at budsjett- og økonomiplanen vart vedteke. Det er i økonomiplanen budsjettert med inntekter frå Havbruksfondet på til saman 110 millionar i økonomiplanperioden. 78 av desse frå auksjonane av nye oppdrettsløyver. Regjeringa har lagt fram ein Stortingsmelding om havbruk (Meld. St. 24) der dei i utgangspunktet går vekk frå dagens auksjonsordning der ein sel maksimal tillete biomasse og over på ein ordning der ein sel løyve til å drive akvakultur. Konsekvensane for kommunane er kort omtalt som fylgjer: "Inntektene fra produksjonsavgiften og vederlag for nye tillatelser skal fordeles gjennom Havbruksfondet. Endringene som foreslås fordrer endringer i fordelingsnøkkelen i Havbruksfondet. Dette må utredes nærmere."

Havbruksmeldinga er ikkje vedteke, og vert handsama av Stortinget 12. juni 2025. Meldinga i seg sjølv seier ingenting om Havbruksfondet og dei økonomiske konsekvensane for kommunane. Men det er vanskeleg å sjå for seg at ein ny ordning vert like god for Solund kommune som dagens ordning er. Erfaring frå 2022 viser også at uvisse i auksjonsåra kan påvirke inntektene som kjem gjennom auksjonane. Samstundes har Solund kommune heile tida lagt til grunn at auksjonane ikkje kan vekse inn i evigheita, og ein eventuelt ny ordning kan være med å sikre Solund kommune sine inntekter på lenger sikt. Budsjett- og økonomiplanen må handtere uvissa på ein forsvarleg måte.

Per 31. desember 2024 hadde Solund kommune 46 millionar på disposisjonsfond, men med budsjettert bruk på 18,3 millionar i 2025 og omlag 24 millionar knytt til unytta investeringsløyvingar frå tidlegare år. Overføringa av unytta løyvingar frå 2024 kjem som eige sak til kommunestyremøte 16. juni, saman med årsrekneskapen for 2024. Kommunedirektøren anslår at ein i overføringa av unytta løyvinger kan kome ned i omlag 22 millionar, men det vil uansett ikkje være rom til å fondsfinansiere alt som har kome til i 2025. Disposisjonsfondet ville då vært omlag 17 millionar i minus. Det ligg også inne 10 millionar i ekstraordinær nedbetaling av lån. Så med å nedjustere dei ekstraordinære låneavdraga, samt noko lånefinansiering, vil ein kunne kome i land.

Samstunde har Solund kommune ein høg lånegrad, og mange av grepa som vart vedtek i desember 2024 handla nettopp om å redusere lånegraden. Disposisjonsfondet nyttar kommunestyret fritt til drift eller investering, men det er berre lov å lånefinansiere investeringskostnader, og berrre dei åra ein faktisk gjennomfører investeringane. Å auke låneopptaket i 2025 når investeringsnivået uansett er høgt grunna ny skule m/ bibliotek frigjer kapasitet på disposisjonsfondet til dei økonomiske konsekvensane av Havbruksmeldinga er klare, uavhengig av om ein då treng midlane i drift eller investering. Ein står då også fritt til å betale ned lånegjeld om det er rom for det.

Samla sett gjer dette at kommunedirektøren tilrår at gjennomgangen og prioriteringa av større investeringsprosjekt har som mål å:

- redusere samla investeringsnivå
- skyve på ein del prosjekt til ein kjenner dei økonomiske konsekvensane av Havbruksmeldinga.

I den vidare gjennomgangen vert grensa for store prosjekt satt til 1.300.000,-. då desse krevje oppstartsvedtak etter økonomi- og finansreglementet til Solund kommune, og ofte også vil krevje anbod. Tidvis er fleire løyvinger sett under ett, når dei til dømes gjeld same bygg eller av andre grunner er naturleg å sjå i samanheng.

Prosjekt	2025	2026	2027	2028	Totalt	Estimert behov for tilleggsløyving
Utvikling ekspressbåtstopp Hardbakke	250'	250'		1.240'	1.740'	
Diverse utbetringar kommunehuset		1.100'	400'	900'	2.400'	
Solundheimen	3.800'		800'	700'	5.300'	2.300'
Klubben	800'				800'	1.800' + unytta løyvingar frå 2025
Ny skule m/ bibliotek						15.000'
Kjøp av areal Søre Mortevisa*	2.000'	2.600'			4.600'	
Felles fiskerihamn*	1.000'	15.800'			16.800'	
Kjøp Hardbakke 20**	4.000'				4.000'	

*vedteke av kommunestyret, men ikkje innarbeida i budsjettet og økonomiplan vedteke i desember 2024

**kjem eige sak til formannskapsmøtet 22. mai 2025

Utvikling ekspressbåtstopp Hardbakke

Det er framleis stor uvissheit om kostnadsbilete, og fordeling av kostnadane mellom Kystverket, kommunen og fylkeskommunen. Mesteparten av løyvinga ligg mot slutten av perioden og det vil ha liten effekt å gjere justeringar på løyvinga no.

Diverse utbetringar kommunehuset / Næringsbygget/nytt kommunehus

Løyvingane til diverse utbetringar på kommunehuset må sjåast i samanheng med Næringsbygget. Slik situasjonen er no er det for kommunedirektøren ganske tydeleg at kostnadane med oppgradering på Næringsbygget og eventuelt nytt kommunehus må takast av Næringsbygget AS. Dette fordrar lånefinansiering for Næringsbygget AS, og skal dei få et så stort lån må dei ha ein langsiktig leigeavtale med kommunen. Det kan også være kommunen må stille garanti, gitt at dei strenge vilkåra i kommuneloven for dette er innfridd.

Vert Næringsbygget oppgradert og kommunehuset flytta dit, er løyvingane i økonomiplanen til dagens kommunehus ikkje lenger aktuelle. Men då må leigeutgifter finansierast for all framtid. Dei aktuelle løyvingane kan være med å finansiere leigeutgiftene i økonomiplanperioden, men på sikt må ein varig driftsløyving til. Flyttar ein kommunehuset er det også mogleg å få inntekter frå dagens kommunehus. Enten varige leigeinntekter, eller eingongsinntekter gjennom sal. Om ein ikkje flytter kommunehuset er løyvingane i økonomiplanperioden sårt tiltrengt, og ein kan også rekne med behov for meir vedlikehald framover.

Solundheimen

Det er gjort ein del innvendig arbeid med maling, listing, bytting av golvbelegg m.m. Tidlegare års unytta løyvinger skal være nok til å dekke dette. Ein har også gjennomført anbod for etterisolering på Solundheimen. Det var berre ein tilbydar, Åsen & Øverlid som for tida bygg ny skule m/ bibliotek. Gjennomførast etterisoleringa i år sparer kommunen ein del riggkostnader då Åsen & Øverlid kan helde fram med den eksisterande riggen på 10-kroningen.

I 2025 har ein berre budsjettet med tilskotet frå Husbanken. Så om prosjektet skal gjennomførast i år må løyvingane for 2027 og 2028 flyttast til 2025, i tillegg til at prosjektet må tilførast friske midlar. Det kjem eige sak om prosjektet til kommunestyremøtet 12. juni 2025.

Klubben

I K-sak 008/25 bad kommunestyret kommunedirektøren utgreie ny vegtrase over tomt 1 med naudsynt rassikring og avkøyning. Førebels kalkyle tilseier at prosjektet då vil koste vel 5.000.000. I tillegg til å måtte nytte alt som allereie ligg inne til Klubben i budsjett- og økonomiplanen må ein ta heile den overførte løyvinga til oppgardering av kommunale vegar og utvikling av tomtefelt, samt tilføre 1.800.000,- i friske midlar. Også her kjem det eige sak til kommunestyremøte 12. juni 2025.

Ny skule m/ bibliotek

Som tidlegare omtala har løyvinga for 2025 falt ut av budsjett- og økonomiplan. Denne løyvinga må innarbeidast igjen og må takast i 2025. Solund kommune har fått innvilga i tilskot 600.000,- til biblioteket, og ventar på svar på ytterlegare 1.500.000,-. Det er budsjettet med om lag 1.000.000,- i tilskot, så her ligg ein mogleg oppside som nok ikkje vil være endeleg avklart i 2025. Truleg vil ein måtte avslutte prosjektet med ein føresetnad om framtidig inntekt som sannsynlegvis ikkje vert utbetalt før slutten av økonomiplanperioden.

Kjøp av areal Søre Morteveka

Det er inngått avtale på bakgrunn av K-sak 004/25. 2.000.000,- er allereie nytta i 2025 og dei resterande 2.600.000,- går i 2026.

Felles fiskerihamn

I K-sak 016/25 vart det vedteke å søke om tilskot til fiskerikar på Nåra og i Søre Morteveka. Tilskotet er på 8.400.000,- og eigenandelen er like stor. Sannsynlegvis med hovudvekt av kostnadane i 2026. Det kjem eige sak om prosjektet til kommunestyremøte 12. juni 2025.

Kjøp Hardbakke 20

I formannskapsmøte 22. mai 2025 vert det også handsama ein sak om kjøp av Hardbakke 20. Eigedommen har ein kjøpesum på 4.000.000,- og er til sals no.

I budsjett- og økonomiplanen og dei unytta løyvingane ligg også ein del “oppstartsløyvinger”. Dette er ulike forprosjekt og utgreiingar som vil utløyse ein større løyving om prosjektet faktisk skal realiserast etter forprosjektet. Også her er det rom for rydding. Alle prosjekta kan ikkje realiserast samstundes, og kommunedirektøren vurderer at det har lite for seg å nytte pengar på forprosjekt til prosjekt som ikkje kejm til å bli realisert.

Prosjekt	Totalløyving
Gangveg Hardbakke/Sildevika - Steinsund	525'
Planlegging helikopterlandingsplass	100'
Områdeplan Hardbakke	650'
Reguleringsplan bustadområde	350'
Forprosjekt Kråkesundet	300'
Hovudplan vassforsyning	188'
Næringsbygg/nytt kommunehus	141'

Vurdering:

Det er i samband med kommunestyre sin rullering av budsjett- og økonomiplanen 12. juni 2025 at det vert gjort bindande endringar i budsjett- og økonomiplanen. Men på bakgrunn av bestillinga frå kommunestyret ynskjer kommunedirektøren ein brei drøfting også i formannskapsmøtet 22. mai 2025.

Av dei store prosjekta er det lite aktuelt å gjere endringar knytt til ny skule m/ bibliotek og kjøp av areal Søre Morteveika då dei prosjekta er pågåande og langtkomne. Som omtala vil effekten av å gjere endringar på utviklings ekspressbåtstopp Hardbakke også være liten for 2025 og 2026. Effekten her vil en fyst se mot slutten av økonomiplanperioden, og då ser ting lysar ut uansett. Vidare vil utbetringane på kommunehuset henge tett på planane kring Næringsbygg/nytt kommunehus.

Av større prosjekt er det då Solundheimen, Klubben, Felles fiskerihamn og Hardbakke 20 som er aktuelt å sjå nærare på. I tillegg til fordeling mellom lån og fondsbruk.

Vala ein tek vil påverke kommunen sin økonomi, og den enklaste måten å få eit overblikk på konsekvensane er å sjå til måltala. Gjeldande måltal er som fylgjer:

	2025	2026	2027	2028	Langsiktig mål
Netto lånegjeld	171 %	157 %	156 %	141 %	70 %
Disposisjonsfond	10 %	20 %	12 %	33 %	15 %
Netto driftsresultat	-13,7 %	14,3 %	-4,6 %	17,0 %	1,75 % (snitt)
Havbruksinntekter, utover produksjonsavgift og distriktstilskot, i drift	-7 514 000	-3 320 000	-1 774 000	-412 000	0

Kommunedirektøren legg i utgangspunktet til grunn fylgjande for det vidare arbeidet:

- lånefinansiering av dei 15.000.000,- til ny skule m/ bibiloteke og dei 8.400.000,- til felles fiskerihamn
- Solundheimen får tilført 2.300.000,- og gjennomførast i 2025
- Klubben får tilført 1.800.000,- og gjennomførast i 2026
- Søre Morteveka går som vedteke i 2025
- Hardbakke 20 går i 2025
- ein gjer ingen endringar knytt til ekspressbåtstopp eller nytt kommunehus
- ein betalar vesentleg mindre ned på låna i starten av økonomiplanperioden

Gitt inntekter som i dag får ein fylgjande måltal, disposisjonsfond og lånegrad:

	2025	2026	2027	2028	Langsiktig mål
Netto lånegjeld	181,9 %	182,4 %	182,0 %	163,1 %	70 %
Disposisjonsfond	6,1 %	14,6 %	5,7 %	18,4 %	15,0 %
Netto driftsresultat	-5,4 %	16,6 %	-6,3 %	11,3 %	1,75 % (snitt)
Havbruksinntekter, utover produksjonsavgift og distriktstilskot, i drift	-7 255 000	-4 947 000	-3 299 000	-2 959 000	0

	2024	2025	2026	2027	2028
Generelt disposisjonsfond	46.152'	5.932'	14.205'	5.522'	17.712'
Utviklingsfond	5.593'	4.993'	4.393'	3.793'	3.193'

	2025	2026	2027	2028
Tatt opp	17.500'	8.900'	2.875'	500'
Nedbetalt	7.444'	10.472'	5.472'	20.472'
Samla gjeld	186.111'	184.539'	181.942'	161.970'

Som ein ser slår det negativt ut for stort sett alle måleindikatorar, men det er framleis rom for å skalere ned, skyve på eller avlyse prosjekta som ligg i 2026 etter kvart som ein får betre oversikt over forventa inntekter. Det ligg også til saman 20.000.000,- i ekstraordinær nedbetaling av lån som kan salderast mot viss inntektene frå Havbruksfondet svikter, hovudsakeleg i 2028. 2028 vert også fyste året der ein tek store steg i riktig renting med tanke på måltala, men føresetnaden der er berre 500.000- i låneopptak og 20.472.000 i betalte avdrag. Formannskapet står fritt til å endre forutsetningane til kommunedirektøren og fullstendeg, endeleg og balansert økonomiplan vert lagt frem til formannskapsmøtet 2. juni 2025.



Saksframlegg

Arkiv: K2-L31
ArkivsakID: 25/381
JournalpostID: 25/1588
Sakshandsamar: Jens-Eivind
Kobbeltvedt
Dato: 12.05.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
027/25	Formannskap	22.05.2025

Kjøp av eigedom g.n.r: 26, b.nr.: 23 på Hardbakke

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund formannskap vedtek å kjøpe eigedommen g..nr: 26, b.nr.: 23 på Hardbakke.

Finansieringa vert å hente frå disposisjonsfondet.

Vedtaket vert fatta etter kommunelova §11-8 (hasteparagrafen).

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kommunelova: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83>

Kommuneplanen sin samfunnsdel: <https://www.solund.kommune.no/f/p1/i7df5c1ad-85bf-46ae-a487-5290dccd68bd/2019-kps-samfunnsdel-solund-vedteken.pdf>

Kommuneplanen sin arealdel (kart): <https://kommunekart.com/>

Kva saka gjeld:

Administrasjonen har gjennom samtaler fått tilbod om å kjøpe den 3 288 m² store eigedommen G.nr. 26 B.nr. 23 på Hardbakke.

Saksutgreiing:

Solund kommune har over tid hatt ein god dialog med eigarar av G.nr. 26 B.nr. 23, kor kommunen har vist interesse for ei mogeleg overtaking av eigedommen. Eigarane ynskjer no å selje eigedommen og har tilbode Solund kommune å kjøpe eigedommen for NOK 4 000 000,-. Eigedommen er ikkje lagt ut på den opne marknaden.



Lokalitet

Eigedommen ligg sentralt plassert i Hardbakke hamn og vil være viktig i framtidig utvikling av hamneområdet i Hardbakke. Eigedommen er sett av til bustad i kommuneplanen.



Framtidig bruk

Eigedommen er strategisk i samband med framtidig hamneutvikling. Det kan vere nyttig i samband med flytting av ekspressbåtstopp, i tillegg til i samband med framtidig trafikkavvikling til og i hamna, og for evt. framtidig bustadfortetting i hamneområdet. Mellombels bruk kan i første omgang vere utleige. Strategiske grunnkjøp på Hardbakke er forankra i kommuneplanen sin samfunndel under satsing 3. Sentrumsutvikling - Områderegulering av sentrum på Harbakke.

Økonomi

Administrasjonen har gjennom samtaler blitt enige om ein pris på NOK 4 000 000,- for den 3,3 mål store eigdommen.

Bruk av hasteparagrafen

Det fylgjer av kommunelova § 11-8 at kommunestyre kan gje formannskapet mynde til å treffe vedtak på vegne av kommunestyret når det naudsynt å handsame ei sak så raskt at det ikkje er høve til å kalle inn kommunestyre. Solund kommunestyre har gjeve Solund formannskap slik mynde i delegeringsreglementet (K-sak 074/24).

I denne saka er det ynskje frå seljar om overtaking 2. juni, før neste ordinære kommunestyremøte.

Vurdering:

Kommunedirektøren tilrår at Solund kommune kjøper eigdommen, då ein har over tid vurdert denne eigdommen til å være sentral i ei vidare utvikling av Hardbakke hamn. I samband med flytting av ekspressbåtstopp og Asplan Viak AS si mogelegheitsanalyse er det vurdert både ekspressbåtens mogelegheit for å komme inn i indre hamn, trafikkavvikling i hamna, bussens mogelegheit for å snu og parkeringsmoglegheiter. Vidare vil eigdommen være svært attraktiv i ei framtidig fortetting av bustader i hamne området. Dette vert framover utgreidd i Bygdevekstprosjektet.

Det vert tilrådd å hente finansieringa frå disposisjonsfondet.

Kommunedirektøren vurderer det som lite føremålsteneleg å samle kommunestyret for å fatte vedtak i saka og har etter rådføring med ordførar kome til at ein kan nytte hasteparagrafen i kommunelova i denne saka.



Saksframlegg

Arkiv: GBR-6/3
ArkivsakID: 24/819
JournalpostID: 25/1658
Sakshandsamar: Amund Fuglebakk
Aglen
Dato: 15.05.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
028/25	Formannskap	22.05.2025

Klage på avslag i administrativt vedtak 101/24 om dispensasjon for utlegging av flytebryggje gbnr 6/3

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommune syner til plan- og bygningslova § 19-2 og § 1-8 gjev avslag på søknad om dispensasjon frå planformål og bygging i strandsona for utlegging av flytebryggje og bygging av gangveg på gbnr. 6/3 ved Hjørnevåg.

Tiltaket er i strid med planformål og byggjegrænse mot sjø og ei vurderer at ein set formålet vesentleg til sides og ein ser heller ikkje fleire fordelar enn ulemper ved tiltaket, samt at det er og gjeve negativ fråsegn frå Statsforvaltaren i Vestland.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Forvaltningslova


Plan- og bygningslova

Kommuneplan for Solund 2020-2032 m/ føresegner

Kva saka gjeld:

Saka gjeld søknad om utlegging av flytebryggje og bygging av gangveg til denne på gbnr. 6/3 ved Hjørnevåg.

Hjørnevåg ligg i vestre og ytre del av Solund, sjå oversiktskart under:



Tiltakshavar har sin eigedom på 6/6, men har etter avtale med grunneigar på 6/3 fått løyve til å evt. etablera bryggja på del av 6/3.

Saksutgreiing:

Klage

Tiltakshavar klagar på det administrative vedtaket 101/24, dat. 03.01.25.

Klagerett og klagefrist

Klagar har fullmakt til å representera tiltakshavar i saka og trer difor inn som part i saka.

Tiltakshavar mottok vedtak 03.01.25 og Solund kommune mottok klage 16.01.25. Klage vart seinare supplert 17.03.25 og 07.04.25. Klage er vurdert å vera komen inn i rett tid.

Sakshandsamingsfrist

Kommunen sin frist for å førebu klagesaka for klageorganet er 8 veker. Saka vert handsama av Formannskapet i møte 22.05.25, og vert såleis handsama innan fristen, då siste dokument kom inn i saka 07.04.25.

Om klagen ikkje vert teke til følgje vert saka sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd så snart møtebok ligg føre, og seinast innan 2 veker etter møtedato. Om klagen vert teke til følgje, vert vedtaket eit nytt enkeltvedtak som partane kan klaga på. Vedtaket skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland til klagevurdering.

Planstatus

Tiltaket har trong for dispensasjon frå planformål, som er LNF på land og natur, friluftsliv, fiske og ferdsel i sjø og frå byggjegrænse mot sjø, som her er 100m, då det ikkje er sett eiga byggjegrænse i plan. Tiltaket treng også løyve etter hamne- og farvasslova.

Dispensasjon

Det vart søkt med slik grunngjeving:

«Tiltakshaver har behov for å anlegge flytebrygge med adkomst, som vist i vedlagte kart og treningsgrunnlag. Dette for å kunne få en sikker og trygg fortøyning av båt, trygg om bord og ilandstigning, samt og åpne opp for bedre sjøverts trafikk forbi eiendommen.

I dag og over svært lang tid har eiendommen hatt båt liggende i bøye med akter fortøyning i land. Tidligere og for eldre generasjoner har her ligget sjark fortøyd, i dag fritidsbåt. Fortøyning med bøye krever at bøye og båt ligger langt ut fra land. Fortøyning langs eksisterende steinkai er ikke trygt, bl.a. på grunn av bølger fra forbipasserende båter, som vil medføre skader på båt som ligger langs kai. Ved å anlegge en flytebrygge vil båt ligge tryggere fortøyd, samt vil det åpne opp for bedre sjøverts trafikkforhold, da bøyen da kan fjernes / trekkes nærmere land for f.eks. mindre fritidsbåt. I området er mye båttrafikk hvor båtene ofte kjører i en hastighet som medfører betydelige bølger. En har tidligere søkt om å få regulert for lavere hastighet, uten å ha vunnet frem med det. For sikker fortøyning også i forhold til forbigående båttrafikk, vil også en løsning med flytebrygge gjøre fortøyning, samt om bord og ilandstiging sikrere.

I området Hjørnevåg, er det ikke tilgjengelige småbåtanlegg som kan gi alternativ og sikker fortøyning av båt. Der er heller ikke i kommuneplanen avsatt arealer for slike anlegg. En er derfor avhengig av å ordne lokal og sikker fortøyning ut fra egne eller lokal grunn for fortøyning av båt. Flere eiendommer i området har i senere tid fått anlegge flytebrygger i tilknytting til eiendommene. Ut fra likhetsprinsippet, bør det gis dispensasjon for omsøkt tiltak.

Dispensasjon fra PBL § 1-8 kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentlig tilsidesatt.

Tiltaket vil åpne opp for en bedre farled og sikrer fortøyning, ombord og ilandstigning. Ut fra en samlet vurdering vil fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene ved å gi tillatelse.»

Nabovarsling

Det er vurdert at tiltaket er lovleg nabovarsla.

Uttale anna styresmakt

Tiltaket er sendt til uttale til Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland.

Vestland fylkeskommune har ikkje merknadar til tiltaket.

Statsforvaltaren i Vestland har kome med slik uttale og vurdering:

«Det er søkt om dispensasjon med grunngjeving i at det ikkje er mogleg å leggja båt mot kai grunna store bølger, og at det ikkje er tilrettelagt for fellesanlegg i nærleiken. Det vert også vist til likskapsprinsippet då det tidlegare er gjeve løyve til andre for likande tiltak.

Kommunen skriv følgjande i oversendingsbrevet: "Som det framgår av kartet er det fleire flytebyggjer i området, då primært knytta til område for bolig og næring. I det området denne søknaden gjeld er det frå tidlegare ikkje etablert slike anlegg. Eigedommen som skal nytta byggja er registrert i matrikkelen som heilårsbustad, nyttast som fritidsbustad. Eigedommen har tilkomst via køyreveg, slik at det ikkje er trong for byggje for tilkomst til eigedommen, slik vi forstår tilhøva ved Hjønnevåg".

Statsforvaltaren vil understreke at tiltak som t.d. flytebyggjer, kaier og liknande primært bør planleggjast og byggjast som fellestilltak for fleire brukarar, slik at ein unngår spreidde og tilfeldige punktinngrep i strandkanten og sjøen. Vi ser det som viktig at kommunen fører ein restriktiv praksis i slike saker, slik at ein unngår at det over tid vert etablert mange større eller mindre flytebyggjer eller byggjer/kaier med bakgrunn i meir eller mindre tilfeldige dispensasjonssøknader.

Vi forstår det slik at flytebyggja skal vere for berre ein eigedom. Sjølv om Solund kommune har mykje urørt strandsone med gode kvalitetar, meiner Statsforvaltaren at det også i ein kommunen som Solund bør vere ein restriktiv praksis for etablering av flytebyggjer og kaier, og at ein unngår ei utvikling der stadig fleire hytter nær sjøen skal ha si private flytebyggje eller kai.

Like ved dei omsøkte tiltaka (flytebyggje og gangveg) står det eit naust. Sjølv om flytebyggja og gangvegen kjem i tilknytning til eit naust og fritidsbustad, ser vi det som viktig at søknaden vert vurdert opp mot interessene som ligg bak strandsonevernet, og opp mot behovet.

I denne saka ser vi det som relevant å leggje vekt på at det er snakk om ein fritidseigedom som har vegtilkomst og naust med kai frå før. Terskelen for å gje dispensasjon i slike saker bør vere høgare enn når det er tale om flytebyggje/kai og tilkomst sjøvegen til bustad eller næring.

I denne saka er det også søkt om ein gangveg frå dagens naust og kai og bort til den omsøkte flytebryggja. Det går ikkje fram av søknaden korleis gangvegen skal plasserast og kva for eventuelle inngrep som krevst for etablering av gangvegen.

Statsforvaltaren meiner dei omsøkte tiltaka vil påverke dei allmenne interessene i strandsona i negativ retning samanlikna med slik området er i dag. Vi stiller også spørsmål ved behovet for flytebryggje i og med at eigedomen har kai frå før, og om det ikkje er mogleg å finne ei enklare løysing for å kunne leggje til med båt ved eksisterande kai ved krevjande forhold/store bølger.

Eit viktig vurderingstema er også kva forventingar (og press) ein dispensasjon for flytebryggje til fritidseigedom vil kunne skapa for andre liknande saker med tilsvarende grunngjeving.

Statsforvaltaren vil ut frå ovanståande rå frå å gje dispensasjon for flytebryggje og gangveg slik som omsøkt.»

Kommune si vurdering av søknad om dispensasjon

Det vart i denne saka søkt dispensasjon frå planformålet i kommuneplanen etter §19-2 og frå strandsonevernet i plan- og bygningslova § 1-8, frå byggjegrænse mot offentlig veg og frå kommuneplan for Solund 2020-2032.

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4). Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge. Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompensere for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

I denne saka forstår vi at eigedommen har tilgjenge via veg og at det omsøkte tiltaket ikkje er nødvendig i høve til tilgang til eigedommen. Tiltaket skal heller ikkje tjena til næringsmessige formål, men nyttast til fritidsformål. Søkjar skriv og at eigedommen har over svært lang tid klart seg med bøye som fortøyning og når det no er snakk om fortøyning for fritidsbåt stiller ein spørsmål trongen for ei flytebryggje til dette formålet.

Det vert i søknad vist til likskapsprinsippet. Etter det vi kan sjå av karta for området er dei fleste flytebryggene i området knytt til areal som er regulert til spreidd bustadbygging eller til areal avsett til næring og ikkje til areal avsett til LNF og fiske og ferdsel i sjø. Ein har heller ikkje vurdert om desse er lovleg oppførte eller frå tida då slike tiltak ikkje var omfatta av plan- og bygningslova.

Om ein set formålet vesentleg til sides ved å evt. gje løyve til ei flytebryggje, som tek ein mindre del av eit areal som er avsett til natur, friluftsliv, fiske og ferdsel kan ein diskutera. For den delen som tiltaket vil leggja beslag på vil ein kunna sei at formålet vert sett vesentleg til sides.

Det går fram av dispensasjonsvegledar frå Statsforvaltaren at i vurderinga av fordelar og ulemper skal ein vurdera om eit tiltak har fordelar for allmenne interesser og ikkje for personleg eller økonomiske fordelar for søkja. Slik vi forstår er dette tiltaket kun tenk nytta av søkjar og vi kan då difor ikkje sjå at søkjar kan visa til fleire fordelar enn ulemper med tiltaket, jf. vegledar frå Statsforvaltaren.

Regional mynde har og frårådd å gje løyve til tiltaket.

Etter ei totalvurdering fann ein å ikkje kunna gje dispensasjon for tiltaket i høve til planformål eller byggjegrænse mot sjø.

Søkjar kjem med slik klage

«På vegne av tiltakshaver Leif Erling Hjørnevang klages det på avslag om utlegging av flytebrygge m/landgang – tilførsel fra eksisterende kai og nøst på GBnr 6/3. Formell klage er tidligere sendt og bekreftet mottatt av kommunen. Vi oversender herved begrunnelse for klagen.

Det er søkt om dispensasjon fra arealformålet i Kommuneplanen – 1.8.3, samt dispensasjon fra PBL § 1-8 byggeforbud i strandsonen (100 meters beltet) og Kommuneplanen § 6.1.a. Det er mottatt positiv forhåndsuttalelse fra BOH i hht Havne & Farvannsloven.

Det vises i hovedsak til begrunnelse som er sendt inn i dispensasjonssøknaden og som er del av denne klage.

Det fremkommer mulig ikke klart av søknaden, men bryggen skal tjene som felles brygge for de to gjenværende eiendommene og bl.a. for næringsdrift, i området, som ikke har tilgang til sjøen via flytebrygge.

Grunneier – Svein Hjørnevang – driver næring med fiske.

Losfisk as – som er eid av Svein Hjørnevang – som også er grunneier - vil være bruker av flytebryggen, dette bl.a. for å sikre tryggere om bord og ilandstigning, vedlikehold av fartøy mv., samt de samme forhold som er påpekt over og i dispensasjonssøknaden, for derved å kunne drive næringsvirksomheten med bedre personsikkerhet og HMS.

LOSFISK AS**Organisasjonsnummer** 918 602 259

Basisopplysninger

Forretningsadresse Nordre Hjørnevåg
6928 KOLGROV
Kommune, land 4636 SOLUND, Norge
Organisasjonsform Aksjeselskap
Næringskoder 03.111 Hav- og kystfiske
E-post losfiskas@gmail.com

Flere virksomhetsopplysninger

Stiftelsesdato 2. februar 2017
Vedtektsdato 2. februar 2017
Vedtektsfestet formål Investering i fiskebåt og utstyr og drift av denne samt annet som naturlig faller sammen med dette.
Aktivitet Fiskeri.
Institusjonell sektorkode 2100 Private aksjeselskaper mv.
Sist innsendt årsregnskap 1. januar 2023
Målform Nynorsk
Antall ansatte Ingen rapporterte ansatte

Slik sett har en i søknaden ikke utdypet at bryggen også skal brukes i næring og av flere enn tiltakshaver.

Tiltaket er beskjedent og vil ikke begrense de interesser som ligger bak strandsonevernet, snarere tvert imot da tiltaket vil lette adkomst til områdene både til og fra land og sjø.

Tiltaket vil medføre minimale inngrep i terrenget, da vei fra nøstet og frem til bryggen, i hovedsak vil bli oppført i trekonstruksjon fundamentert på bjelke-sko i fjellgrunn.

Som ansvarlig søker, har vi bred kompetanse for bruk og opplæring av drift av fartøy, der vi bl.a. er autorisert av Sjøfartsdirektoratet for opplæring til kompetansesertifikater bl.a. for næringsdrift av

fartøy (D5L, D5LA, D5, Praktisk utsjekk D5L, Praktisk prøve ICC mv.) Vi kan ikke se at der finnes noen «enklare løsninger for å kunne legge til med båt ved eksisterende kai under krevjande forhold / store bølger», slik Statsforvalteren stiller spørsmål ved.

Kaien er høy og uten beskyttelse.

Båter og fartøy må legge til med bredsidan mot vær vind og bølger, noe som i hard vær er svært utfordrende og medfører fare både for fartøy og mannskap, ved tillegging og om bord/ilandstigning. Sett i relasjon til dette vil det ha vesentlig betydning for konsekvenser i forhold til Helse, Miljø og Sikkerhet, både for fartøy, mannskap og evt. medseilere.

Både grunneier og tiltakshaver har behov for tilgang til og fra båt/fartøy, ikke bare til de omsøkte eiendommer, men også til utmark som knytter seg til eiendommene, og for å kunne nå utmarkene er eierne avhengig av båt.

Slik vi vurderer det vil tiltaket være i samsvar med formålet i plan; LNF, bl.a. ved å sikre næringsdrift med fiske, også næring knyttet til utmarken. Kommunen skriver også at tiltaket ikke vil være i konflikt med «Naturmangfaldslova».

Tiltakshaver har behov for å anlegge flytebrygge med adkomst, som vist i søknaden om tiltak. Dette i første rekke for å kunne få en sikker og trygg fortøyning av båt, trygg om bord og ilandstigning for grunneiers næringsvirksomhet og for egen bruk, samt og åpne opp for bedre sjøverts trafikk forbi eiendommen.

Til sist og ikke minst vil tiltaket åpne opp for en bedre farled, sikrer fortøyning, ombord og ilandstigning, både i forhold til næringsdrift og fritidsbruk.

Ut fra en samlet vurdering vil fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene ved å gi tillatelse.»

Vurdering:

Søklar kjem no med nye opplysningar i saka. Det vert i søknad vist til at den skal brukast av fleire enn tiltakshavar og at den også skal tjena til bruk for næring.

Om det er slik at det omsøkte tiltaket også skal tjena til næring, vil ein framleis vera i strid med LNF-formålet for den delen av tiltaket som kjem på land og i strid med formålet i sjø som er kombinert føremål i sjø og vassdrag. I tillegg vil ein og vera i konflikt med byggjegrænse mot sjø.

Storparten av tiltaket kjem i sjø i areal avsett til kombinert føremål i sjø og vassdrag jf. kommuneplan for Solund 2020-2032. I føresegna her står det:

§ 6.7.1 Kombinerte føremål i sjø og vassdrag (NFFF)

a. Områda NFFF1-13 er sett av til natur, friluftsliv, fiske og ferdsel.

b. Tiltak eller inngrep som er i konflikt med natur, friluftsliv, ferdsle eller fiske er ikkje tillate, under dette flytebrygger og kaianlegg. Dette er likevel ikkje til hinder for utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmpumper, straum- og telenett.

Her er det tydeleg at ein ikkje ynskjer etablert «...flytebrygger og kaianlegg...» i desse områda.

Det er sjølvsag ei føremon at slik anlegg vert etablert som fellesanlegg framfor enkeltstående anlegg. Utan at fellesanlegg er klårt definert forstår ein dette som meir ann anlegg som vert bruka av 2 bruk/ båtar/ personar. Slik anlegg bør og avklarast i reguleringsprosessar og ikkje som enkeltvedtak.

Det er og frå før 3 ulike flytebrygger som ligg i tilknyting til gbnr. 6/3 inne i Nordrevågen, utan at ein kjenner eigarskap/ bruk av desse. Men ein kan ikkje sjå av søknad og klage at det er sannsynleggjort trong for meir bryggjer for å kunna utøve fiske på ein god og trygg måte.

Det vert vist til at søkjar og eigar av eigedommen har trong for å bruka båt for å nå utmarken som tilhøyrrer eigedommane.

Søkjar skriv vidare at ein vurderer at «...*tiltaket være i samsvar med formålet i plan; LNF, bl.a. ved å sikre næringsdrift med fiske, også næring knyttet til utmarken.*»

Det vert ikkje opplyst om det vert drive nok form for dyrehald eller anna aktivitet/ næring, som kan vera i samsvar med formålet i LNF-område. Ein kan heller ikkje sjå at fiske ligg innafor dette formålet.

For areal i sjø, som er avsett til «... *natur, friluftsliv, fiske og ferdsel.*» er fiske nevnt, utan at det klårt går fram om dette er fisk til næring eller fritid. Om ein legg til grunn at dette gjeld også fiske til næring, vil det likevel vera i strid med § 6.7.1 b) om forbod mot flytebrygger og kaianlegg.

Det vert vist til at det er tryggare å nytta ei flytebryggje framfor den løysinga ein har i dag. Det tel i positiv lei i denne saka. Men eigedommen har som tidlegare vist til vegsamband, slik at bryggja ikkje kan seiast å tena noko beredskapsfunksjon. Det er heller ikkje vist til trong for denne bryggja i samband med næring på dei areala som er ein del av 6/6 og 6/3 og ikkje har vegsamband, anna enn at eigar av 6/3 er registrert med eit føretak innan fiskeri.

Oppsummering

Administrasjonen ved kommunedirektøren rår til å avvise klagen og oppretthalda det administrative vedtaket i saka.



Saksframlegg

Arkiv: K1-242
ArkivsakID: 25/295
JournalpostID: 25/1558
Sakshandsamar: Gudrun Kristin Fatland
Dato: 08.05.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
029/25	Formannskap	22.05.2025

Søknad om kommunalt næringsfond Akva Marine AS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommune tildeler Akva Marine AS eit tilskot på kr 150 000 frå næringsfondet for å støtte etablering og kompetanseutvikling i selskapet. Tilskotet skal nyttast til kurs og sertifiseringar, profilering og etableringskostnader i tråd med søknaden, med forskjøvet tidsperiode i takt med tildelingstidspunkt av midlar i frå Næringsfond.

Under fylgjande utbetalingskriterier,

1. Kompetanseheving. Midlane skal nyttast til å gjennomføre nødvendige kurs og sertifiseringar for tilsette, inkludert IMO-kurs, fiskehelse og hygiene kurs.
2. Profilering. Midlane skal dekke utvikling av ein profesjonell visuell profil, inkludert nettside, logo og grafisk materiell.
3. Etablering. Midlane skal dekke oppstartskostnader knytt til planlegging, administrasjon, marknadsarbeid og nødvendig utstyr.
4. Ansettelser. Selskapet skal ansette 2-3 personar i oppstartsfasen, med mål om vekst til 5-7 faste stillingar innan 2-3 år.
5. Integrering. Tilflyttarar skal ha tilgang til bustader gjennom Solund Bygg AS for å lette integreringa.
6. Berekraft. Selskapet skal vise til tiltak for berekraftig drift og miljøvennlege løysingar i havbruksnæringa.

Løyving frå fondet skal som hovudregel vere nytta innan eitt – 1 – år frå løyvingsdato. Etter søknad, med grunngjeving, kan administrasjonssjefen forlenge fristen med inntil eitt år. 75% kan bli utbetalt ved oppstart, resterande når sluttrapport er levert.

Ved oppmoding om sluttutbetaling skal det ligge føre eit prosjektrekneskap og ein skriftleg rapport over prosjektet. Rekneskapen skal kunne samanliknast med kostnadsoverslaget i søknaden, og syne korleis tilskotet er nytta i samsvar med dette. Rekneskapen skal vere attestert av revisor eller godkjend rekneskapsførar.

Sluttrapport skal gje ei framstilling av kva prosjektet har bidrege til i form av utvikling og sysselsetting i verksemda.

Andre dokument i saka:

Rolleoversikt Akva Marine AS
Firmaattest Akva Marine AS
Forretningsplan 05.2025 Akva Marine AS
RF 13.50 Søknad om kommunalt næringsfond
Søknad næringsfond - frå Akva Marine AS

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Vedtekter for kommunalt næringsfond for Solund kommune,
<https://www.solund.kommune.no/f/p3/ic6b91277-40e8-4347-8c26-93b0b728a454/framlegg-til-vedtekter-for-kommunalt-naringsfond-solund-fra-01072018.pdf>

Solund kommune sin samfunnsdel, <https://www.solund.kommune.no/f/p1/i7df5c1ad-85bf-46ae-a487-5290dccc68bd/2019-kps-samfunnsdel-solund-vedteken.pdf>

(Tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune,

- Retningslinjer for tildeling av midlar til kommunale næringsfond, 2018.
<https://www.solund.kommune.no/f/p3/i23818068-c701-4c0c-8f70-5fcfd499e8a8/1-retningslinjer-for-kommunale-naringsfond-sogn-og-fjordane-gjeldande-fra-2018pdf.pdf>
- Prinsippvurderingar knytt til bruken av kommunale næringsfond 2016 –oppdatert versjon gjeldande frå 05.04.2016. <https://www.solund.kommune.no/f/p3/i714df189-0cc7-4758-b17c-5deac1b42cd9/prinsippvurderingar-knytt-til-bruken-av-kommunale-naringsfond-2016pdf.pdf>)

Regionalforvaltning - RF, <https://www.regionalforvaltning.no/Startside/Velkommen.aspx?>

Regjeringen Havbruksstrategien,
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/havbruksstrategien-et-hav-av-muligheter/id2864482/?ch=3> Norsk Havbruksnæring,
<https://www.regjeringen.no/no/tema/mat-fiske-og-landbruk/fiskeri-og-havbruk/1/oppdrettslaksen/Norsk-havbruksnaring/id754210/> Regjeringen Havbruksmelding,
<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/havbruksmelding/id3097244/>

Kva saka gjeld:

Solund kommune har via RF13.50 Kommunalt næringsfond, mottatt ein søknad på 150 000,- NOK med prosjektnamn "Etablering og kompetanseutvikling i Akva Marine AS" frå Akva Marine AS. Totalkostnaden for prosjektet er kr 300 000. Søknaden viser ei finansiering der 50 % er eigeninnsats og 50 % vert søkt frå næringsfondet.

Søknadsnummer 2025-0004. Søknaden blei mottatt 08.04.2025.

Selskapsnamn: Akva Marine AS
Organisasjonsnummer: 935 160 138
Adresse: Klubben 4, 6924 Hardbakke
Kontaktperson: Regimantas Burzminskas
Telefon: 998 69 696
E-post: post@akvamarine.no

Saksutgreiing:

Akva Marine AS har søkt om midlar til å etablere seg som ein profesjonell aktør innan utleige av arbeidskraft og relaterte tenester med hovudfokus på den maritime næringa. Selskapet ønskjer å bidra til vekst i lokalt næringsliv gjennom kompetanseheving, profilering og etablering. Akva Marine AS har som mål å tilby utleige av arbeidskraft og relaterte tenester med hovudfokus på den maritime næringa. Selskapet ønskjer å vere ein påliteleg

samarbeidspartnar for oppdragsgivarar innan akvakultur, entreprenørverksemd, rederi og riggindustri.

Målet med prosjektet er å etablere Akva Marine AS som ein profesjonell aktør med base i Solund, som bidreg til vekst i lokalt næringsliv. Føremålet med prosjektet er å etablere ei profesjonell tenesteverksemd innan havbruk og maritim sektor. Akva Marine AS skal tilby kvalifisert arbeidskraft, driftsteknisk tenester og konsulentstøtte til oppdrettsnæringa og relaterte aktørar.

Satsinga omfattar,

1. Kompetanseheving. Gjennomføre nødvendige kurs og sertifiseringar for fem tilsette for å møte krav frå kundar og bransje.
2. Profilering. Utvikle ein profesjonell visuell profil gjennom nettside, logo og grafisk materiell.
3. Etablering. Oppstartskostnader knytt til planlegging, administrasjon, marknadsarbeid og nødvendig utstyr.

Akva Marine AS har registrert selskapet i brreg.no, prosjektet er ikkje starta før søknadsdato. Dato for gjennomføring av etablering og kompetanseutvikling er satt til, startdato 01.04.2025 og sluttdato 31.12.2025.

Akva Marine AS planlegg å ha 2–3 tilsette i oppstartsfasen, med mål om vekst til 5–7 faste stillingar innan 2–3 år. Rekrutteringa skal skje både lokalt og gjennom tilflytting, samt via rotasjonsordningar for arbeidarar frå Europa.

Fylgjande budsjett som er levert inn med søknaden

Økonomi			
Kostnadsplan			
Tittel	2025	2026	SUM
01.Kurs og sertifiseringar for tre tilsette	150 000		150 000
02.Profilering (nettside, logo, grafisk materiell)	100 000		100 000
03.Etableringskostnader	50 000		50 000
Sum kostnad	300 000		300 000

Finansieringsplan			
Tittel	2025	2026	SUM
01.Tilskudd fra næringsfondet	150 000		150 000
02.Lån i bank			0
03.Egenkapital	150 000		150 000
04.Eget arbeid			0
05.Andre finansieringskilder			0
Sum finansiering	300 000		300 000

Vurdering:

Basert på næringsfond ordninga sitt føremål, er næringsfondet eit distrikts- og regionalpolitisk virkemiddel som har som mål å bidra til å styrke og utvide lokalt næringsliv og arbeidsmarknad, samt gjere Solund kommune til ein meir attraktiv kommune å bu og arbeide i. Fondet skal nyttast til tilskot som utløysande effekt for gjennomføringa, og gå til utviklingsprosjekt.

Ved tildeling av midlar i frå næringsfondet er det krav om at midlane frå næringsfondet skal ha ei utløysande effekt og bidra til at prosjekt som elles ikkje ville ha blitt gjennomført vert realisert. Det er ikkje tilstrekkeleg at tilskotet skal oppretthalde eit tilbod. Det vil mellom anna seie at prosjekt som er starta opp ved innsending av søknad, ikkje kan tildelast tilskot.

Basert på at det kan løyvast midlar til investering, bedriftstilskot, tiltakssapparat og arrangement, jfr. vedtektene. er Akva Marine i målgruppa for mottak av næringsfond. Eigar

av selskapet er innvandrere og er og i prioritert målgruppe for tildeling. Prosjektet har fokus på kunnskap og kompetansehevinge tiltak. Selskapet har og høgt fokus på berekraftig havbruk, blant anna ved å ta i bruk ein meir berekraftige metode å handtere forslanger på enn det som er vanleg praksis i næringa i dag.

Akva Marine AS har fleire sterke sider som gir selskapet eit betydelig konkurransefortrinn. Dei har sjeldne, viktige og ressursar. Tilflyttarar kan bidra til mangfald og nye perspektiv i arbeidsmiljøet, og tilgang til bustader gjennom Solund Bygg AS kan lette integreringa av tilflyttarar. På den andre sida, står selskapet overfor nokre utfordringar. Avhengigheit av spesifikke kurs og sertifiseringar kan vere kostbart, og moderat sosial, økonomisk og kulturell sårbarheit kan påverke selskapets stabilitet. Integrering av tilflyttarar kan krevje ekstra ressursar og tid, og avhengigheit av Solund Bygg AS for bustadtilbod kan skape utfordringar. Fordelane og ulempene utligner kvarandre til ein viss grad. Selskapet har sterke konkurransefortrinn som kan sikre økonomisk verdi og mangfald i arbeidsmiljøet, men det er viktig å handtere kostnader og sårbarheiter nøye for å sikre langsiktig suksess. Med fokus på integrering og økonomisk stabilitet, kan Akva Marine AS oppnå vekst og sterk posisjon i marknaden.

Marknandsutsiktane er lovande med høg verdiskapning basert på Regjeringens havbruksstrategi som legg til rette for auka vekst i havbruksnæringa innanfor berekraftige rammer. Med mål om produsere meir, berekraftig mat frå havet og samtidig skape fleire lønnsame, private arbeidsplassar i distrikts- og kyst-Noreg.

Vidare er søknaden i tråd med fleire av måla i Solund kommune sin samfunnsplan,

- Styrkt næringsliv, Akva Marine AS kan tilføre spesialisert kapasitet til den maritime næringa, og dermed styrke eksisterande aktørar og bidra til vekst.
- Auka busetjing og tilflytting, selskapet vil kunne skape arbeidsplassar som både lokale og tilflyttarar kan fylle. Dette støttar opp under målet om å halde på og auke folketalet.
- Kompetanse og opplæring, prosjektet satsar på omfattande fagopplæring som vil kunne gje lokal arbeidskraft høve til å kvalifisere seg for jobbar innan havbruk og maritime tenester.
- Berekraftig utvikling, ved å sikre tilgang på sertifisert arbeidskraft og følge strenge kvalitetskrav, bidreg verksemda til ein berekraftig og profesjonell næringsstruktur.

Ein vurdere det slik at verksemda vil kunne vere eit viktig bidrag til berekraftig utvikling i havbruksnæringa, og lokalt næringsliv i Solund og sikre både eksisterande og framtidige arbeidsplassar.

Med fylgjande anbefalingar for utbetalingskriterier,

1. Kompetanseheving. Midlane skal nyttast til å gjennomføre nødvendige kurs og sertifiseringar for tilsette, inkludert IMO-kurs, fiskehelse og hygienekurs.
2. Profilering. Midlane skal dekke utvikling av ein profesjonell visuell profil, inkludert nettside, logo og grafisk materiell.
3. Etablering. Midlane skal dekke oppstartskostnader knytt til planlegging, administrasjon, marknadsarbeid og nødvendig utstyr.
4. Ansettelse. Selskapet skal ansette 2-3 personar i oppstartsfasen, med mål om vekst til 5-7 faste stillingar innan 2-3 år.
5. Integrering. Tilflyttarar skal ha tilgang til bustader gjennom Solund Bygg AS for å lette integreringa.
6. Berekraft. Selskapet skal vise til tiltak for berekraftig drift og miljøvennlege løysingar i havbruksnæringa.

Løyving frå fondet skal som hovudregel vere nytta innan eitt – 1 – år frå løyvingsdato. Etter søknad, med grunngjeving, kan administrasjonssjefen forlenge fristen med inntil eitt år.

75% kan bli utbetalt ved oppstart, resterande når sluttrapport er levert.

Ved oppmoding om sluttutbetaling skal det ligge føre eit prosjektrekneskap og ein skriftleg rapport over prosjektet. Rekneskapen skal kunne samanliknast med kostnadsoverslaget i

søknaden, og syne korleis tilskotet er nytta i samsvar med dette. Rekneskapen skal vere attestert av revisor eller godkjend rekneskapsfører.

Sluttrapport skal gje ei framstilling av kva prosjektet har bidrege til i form av utvikling og sysselsetting i verksemda.



Saksframlegg

Arkiv: K1-243, K3-&00
ArkivsakID: 25/394
JournalpostID: 25/1617
Sakshandsamar: Øystein Bolset Strand
Dato: 14.05.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
030/25	Formannskap	22.05.2025
	Kommunestyre	

Retningslinjer for tildeling av kulturmidlar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Retningslinjene for tildeling av kulturmidlar vert vedtekne slik dei ligg dei ligg føre.

Vedlegg i saka:

14.05.2025 Retningslinjer_kulturmidlar_Solund

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kva saka gjeld:

Retningslinjer for tildeling av kommunale kulturmidlar

Saksutgreiing:

Kommunestyret har i økonomiplanen vedteke å setje av kr 200 000 til kulturmidlar. Disponeringa av midlane ligg til formannskapet. Det er ikkje laga retningslinjer for korleis midlane skal nyttast, og det har vore etterspurt å få på plass for å få ein føreseieleg bruk av midlane. Retningslinjene må avklare kven som kan få tildelt midlar, og kva kriterium som skal ligge til grunn for tildelinga. Ei viktig avklaring er korleis ein skal definere kulturomgrepet. Administrasjonen har difor undersøkt korleis ein del andre kommunar gjer tildelinga.

Felles for mange kommunar er at ein del av midlane er sett av til driftsstøtte til frivillige lag og organisasjonar. I dette ligg det ein brei definisjon av kulturmidlar, der alle som driv frivillig arbeid kan søkje om støtte. Målet med ein slik form for tilskotsmidlar vil vere å støtte alle former for frivillig aktivitet i kommunen. Det er vanleg å stille som vilkår at søkjarane er registrert i Brønnøysundregisteret som lag/foreining og at aktivitetane deira er retta mot aktivitetar innanfor kultur, idrett eller friluftsliv. Kultur vert då definert breitt, som aktivitetar

knytt til til dømes musikk, kunst, teater, litteratur, ungdomsklubb eller anna barne- og ungdomsarbeid. Det er også vanleg å basere tilskota på aktivitetsnivå og medlemstal, og at rekneskap og årsmelding må leggjast som vedlegg til søknaden. I tillegg er det vanleg at mottakarane av kulturmidlar må rapportere på bruken av midlane. Ein del kommunar har også kulturmidlar som vert delt ut til større arrangement og til profesjonelle kulturaktørar.

Gjeldande ordningar

Solund har eit rikt organisasjonsliv og ein har allereie fleire verkemiddel i bruk i dag, til dømes gratis bruk av gymsal og idrettsbane og gratis øvingslokale. Dette er i tråd med den vedteke frivilligstrategien. Etter vaksenopplæringslova med forskrifter har dei organisasjonane som er medlemmer av eit godkjent studieforbund og kan motta vaksenopplæringsmidlar, rett til gratis undervisningslokale på kvardagar mellom kl 17 og 21.

Solund kommune leiger grendahuset til øvingslokale for Solund skulemusikk, og i leigeavtalen inngår også helgeøvingar. Solund kommune har også ein avtale med skulemusikken om å dekke kr 82 000 til instruktørutgifter årleg.

Solund idrettslag disponerer idrettsbygget og badebassenget gratis mellom kl 17 og 22, og i alle helgar og skuleferiar. I tillegg disponerer idrettslaget idrettsbana til sine aktivitetar. Solund skyttarlag nyttar innandørs skytebane og møterom gratis til treningar og stemne.

Andre lag og organisasjonar har også søkt om og fått utbetalt støtte dei siste åra, mellom anna lysfestivalen, Solundfest og Krambua på Hersvik.

Vurdering:

Kommunedirektøren meiner det er viktig å få på plass retningslinjer som sikrar likebehandling for alle som søker om midlar. Det vil også vere fornuftig å legge til rette for at flest mogleg for nytte av midlane. Samstundes bør ein del av midlane nyttast til meir profesjonalisert kulturverksemd for å stimulere til kunstnarlege prosjekt i Solund. Slik kan ein gjere det meir attraktivt å vere profesjonell kunstnar i Solund. Kommunedirektøren meiner difor at midlane bør delast i to, der halvparten går til tildeling til lag og organisasjonar, og halvparten til profesjonell kulturverksemd. Sidan midlane ligg til disposisjon til formannskapet, er det dette organet som må vedta tildelingane etter framlegg frå kommunedirektøren.

Om kulturmidlar til frivillige lag og foreiningar

Denne ordninga skal nyttast til det breie kulturlivet, altså frivillige lag og organisasjonar organisasjonslivet. Det er lagt opp til ein del kriterium for å sikre at midlane vert nytta på ein god måte. Kommunedirektøren meiner at tildelinga skal skje på bakgrunn av medlemstal, aktivitet og eigeninnsats, og at ein òg må legge vekt på om søkeren mottek annan støtte frå Solund kommune. Utover dette meiner kommunedirektøren at ein kan ha tillit til at søkerane nyttar tilskota til det beste for medlemmene sine, og at det ikkje treng å vere føringar på kva midlane skal brukast på. Det vert likevel lagt opp til at ein må leggje ved årsmelding, rekneskap og budsjett når ein søker, slik at administrasjonen kan få dokumentert at det er aktivitet i laget. For å gjere ordninga mest mogleg treffsikker må søkeren vere registrert som lag/foreining i Brønnøysundregisteret. Dette er i tråd med det andre kommunar gjer. Det bør også vere mogleg for nyoppstarta lag å søkje om oppstartstilskot. Det kan vere kapitalkrevjande å starte opp eit nytt lag, særleg dersom ein må kjøpe inn mykje utstyr.

Om støtte til kunstfagleg verksemd og profesjonell kunst

Denne ordninga skal rette seg mot det profesjonelle kulturfeltet. Også her legg kommunedirektøren opp til fleire kriterium for å sikre god bruk av midlane. Det vert føreslått og at kunstnarar eller prosjektet ha tilknytning til Solund og at sjølve prosjektet må gjennomførast i Solund. Dersom nokon får støtte til å lage eit permanent kunstverk må det bli verande i kommunen. Slik kan kommunen få tilbake ein meirverdi av å tildele midlar. Også

her må det leggst vekt på om søkjaren mottek anna støtte frå Solund kommune. I tillegg må søkjarane legge ved budsjett og planar for tiltaket, og dei må rapportere i etterkant. Dette er viktig for å sikre at midlane vert brukte på rett måte. Det er også føreslege at søkjaren må vere registrert i Brønnøysundregisteret under kunstnarisk verksemd og underhaldningsverksemd. Desse midlane kan nyttast som støtte til større arrangement. Storleiken på budsjettet per no gjer likevel at ein må rekne med å bruke andre midlar dersom ein får store søknader.

Felles for begge ordningane

Etter forvaltningslova vert vedtak om tildeling rekna som eit enkeltvedtak, og det er difor klagerett på vedtaka.

Kommunedirektøren tilrår at retningslinjene vert vedtekne slik dei ligg føre.

Retningslinjer for tildeling av kulturmidlar i Solund kommune

1. Formål

Kulturmidlane i Solund kommune skal bidra til eit mangfaldig kulturliv gjennom støtte til både deltakarretta kulturaktivitetar og kunstfagleg verksemd. Ordninga skal styrke lokalt engasjement, fellesskap, og utvikling av profesjonell kunst og kultur.

2. Føresetnader

Økonomiske rammer for ordninga vert sett i kommunen sitt økonomiplan- og budsjettvedtak. 50% av midlane vert sett av til fordeling etter punkt 3 A, 50 % til fordeling etter punkt 3 B.

Kulturmidlane vert tildelte etter vedtak i formannskapet. Midlar til fordeling etter punkt 3 A vert handsama samla, i òi sak som er førebudd av kommunedirektøren. Midlar til fordeling etter punkt 3 B vert handsama enkeltvis og fortløpande etter førebuing av kommunedirektøren.

Søknadsfristen for midlar etter punkt 3 A er 1. september. Midlar etter punkt 3 B kan søkjast om fortløpande.

Søklarar til midlar etter punkt 3 A må vere heimehøyrande i Solund kommune.

Ved tildeling av kulturmidlar skal all støtte frå Solund kommune, både direkte og indirekte, sjåast i samanheng

3. Overordna inndeling

Kulturmidlane blir fordelte gjennom to hovudordningar:

A. Kulturmidlar til frivillige lag og foreiningar

Denne ordninga skal fremje deltaking, samskaping og lokalt kulturliv. Den rettar seg mot frivillige organisasjonar og lag.

- **Kriterium for støtte:**

- Aktiv drift og aktivitetstilbod gjennom heile året knytt til kultur, idrett og friluftsliv
- Hovudmålgruppene bør inkludere barn, unge, eldre og/eller minoritetar.
- Tildelinga vert basert på dokumenterte medlemstal, breidde i aktivitet, og eigeninnsats.
- Søknad må sendast inn på rett skjema

- Det vert lagt vekt på om søkjaren mottek anna støtte frå Solund kommune ved utrekning av tilskotssum
- **Følgjande kan søkjast om:**
 - Driftstilskot
 - Starttilskot for nye lag
- **Avgrensingar:**
 - Politiske, kommersielle og aksjonsretta organisasjonar får ikkje støtte
 - Kulturmidlar skal ikkje nyttast til fremjing av religiøse interesser, men kan nyttast til barne- og ungdomsarbeid
 - Søkjar må vere registrert med selskapsforma foreining/lag i Brønnøysundregisteret
- **Naudsynte vedlegg**
 - Gjeldande rekneskap for organisasjonen
 - Årsmelding for organisasjonen
 - Budsjett for organisasjonen
 - For søknader om oppstartstilskot til nye lag gjeld ikkje punkta om rekneskap og årsmelding. Laget må dokumentere at det er registrert i Brønnøysundregisteret og legge ved plan for aktivitet
- **Rapportering**
 - Mottakarar skal rapportere på bruken av midlane gjennom årsmelding og rekneskap innan 15. april påfølgjande år, anten for seg sjølv eller i samband med ny søknad
 - Manglande rapportering vil medføre at tilskot vert kravd tilbakebetalt
 - Manglande rapportering for tidlegare tildelte tilskot vil vere avslagsgrunn for nye søknader

B. Støtte til kunstfagleg verksemd og profesjonell kunst

Denne ordninga rettar seg mot profesjonelle kunstnarar og institusjonar, og skal stimulere til kunstnarleg produksjon og utvikling i Solund.

- **Kriterium for støtte:**
 - Kunstnarar eller prosjekt må ha tilknytning til Solund.
 - Prosjektet må gjennomførast i Solund. Permanente verk skal verte verande i Solund
 - Søkjaren må vere registrert med NACE-kode 90 – Kunstnarisk verksemd og underhaldningsverksemd i Brønnøysundregisteret.

- Søknad må sendast inn på rett skjema
- Det vert lagt vekt på om søkjaren mottek anna støtte frå Solund kommune ved utrekning av tilskotssum
- **Støtta kan gå til:**
 - Kunstnarstipend
 - Produksjon og formidling av kunst (visuell kunst, scenekunst, musikk, litteratur m.m.)
 - Større arrangement
- **Naudsynte vedlegg**
 - Budsjett og finansieringsplan for tiltaket
 - Skildring av tiltaket og behov
 - For kunstnarstipend må ein levere kunstnarisk CV
- **Rapportering**
 - Mottakarar skal rapportere på bruken av midlane gjennom årsmelding og rekneskap innan 15. april påfølgjande år
 - Manglande rapportering vil medføre at tilskot vert kravd tilbakebetalt
 - Manglande rapportering for tidlegare tildelte tilskot vil vere avslagsgrunn for nye søknader

4. Klage

Det er klagerett på vedtaket etter forvaltningslova § 28. Klagefrist er tre veker frå vedtak er motteke. Klagen må grunngjevast og skal sendast til Solund kommune. Dersom formannskapet ikkje tek klagen til følgje vert klagen endeleg avgjort av kommunestyret.